

---

Saksnr: 2020/72067-10  
Saksbehandlar: Peter Forras

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		26.10.2021

## Høyring fredingssak Stranges stiftelse

### Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet er positive til framlegg om freding av Stranges stiftelse i Bergen kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om freding over til Riksantikvaren, og ber om at det vert gjort vedtak om freding av anlegget i medhald av Lov om kulturminne § 15.

### Samandrag

Vestland fylkeskommune varsla 24. september 2020 oppstart av fredingssak av Stranges Stiftelse i Bergen kommune i medhald av Lov om kulturminne §§ 15, jf. § 22. Forslag om freding av eigedomen vart lagt ut på høyring/offentleg ettersyn 17. mars 2021. Forslaget vart handsama politisk i Vestland fylkeskommune i Hovudutval for kultur, idrett og integrering i PS 64/21. Etter at høyringa var ferdig vart forslag om freding handsama av bystyret i Bergen i møte 22. september 2021. Deretter har administrasjonen gått igjennom alle dei innkomne merknadane til forslag om freding, samt Bergen bystyre si handsaming. På bakgrunn av dette er det utarbeidd eit endeleg forslag om freding av eigedomen.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Stranges stiftelse\_Fredingsforslag\_etter offentleg høyring
- 2 Fredingsdokumentasjon\_del1\_etter offentleg høyring
- 3 Fredingsdokumentasjon\_del2\_etter offentleg høyring
- 4 Fredingsforslag til høyring og offentleg ettersyn
- 5 Høringsuttalelse\_Fortidsminneforeningen Hordaland
- 6 Høringsuttalelse\_Fortidsminneforeningen Hordaland\_vedlegg
- 7 Høringsuttalelse\_Fortidsminneforeningen sentralt
- 8 Varsel om ny oppstart 24 sept. 2020
- 9 Innkomne merknadar til framlegg om freding av Stranges stiftelse til offentleg høyring 28. april 2021
- 10 Forslag til freding av Stranges stiftelse - handsaming i bystyret
- 11 Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering\_PS64\_2021\_28 april 2021\_Fredingsforslag Stranges stiftelse

- 12 Byrådssak Bergen kommune\_Framstilling-Høringsuttalelse-til-forslag-til-fredning-av-Stranges-stiftelse-i-Bergen-kommune
- 13 Protokoll-høringsuttalelse fra bystyret i Bergen

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fortidsminneforeningen, Bergen og Hordaland avdeling bad i brev av 26. oktober 2009 Hordaland fylkeskommune om å starta opp sak om formell freding av Stranges Stiftelse. Bakgrunnen var at inspeksjonen for Stranges stiftelse skreiv under ein fredingsavtale i 1975, og sidan har bygningen i praksis vore handsama som freda, både av eigaren og av kulturminnestyresmaktene. I 2018 vart saka tatt opp att, men på grunn av forseinka sakshandsaming vart oppstart varsla på nytt den 24. september 2020. Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling og eigedomsavdelingen i Fortidsminneforeningen har vore orientert om ny oppstart av fredingssak, og har støtta arbeidet for freding av Stranges Stiftelse. Vestland fylkeskommune arrangerte 18. september 2020 informasjonsmøte der saka vart drøfta med eigar Fortidsminneforeninga.

Forslag om freding av eigedomen vart sendt på høyring/offentleg ettersyn den 17. mars 2021. Etter høyringa vart føremålet med fredinga presisert og sendt til handsaming i bystyret i Bergen med følgjande formuleringar:

- Formålet med fredinga er å bevare Stranges Stiftelse som eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på ein sosial institusjonsbygning frå 1700-talet. Det er vidare vesentleg å ta vare på kulturhistorisk verdifulle uttrykk for den historiske utviklinga til bygningen.
- Fredinga av eksteriøret til bygningen skal sikre arkitekturen. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa, så som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal oppretthaldast.
- Formålet er vidare å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessant. Fast inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret.
- Fredinga av gardsrom og gangpassasje skal sikre at bygningas plassering i eit tradisjonelt bymessig bygnadsmønster vert bevart.

Forslag om freding etter kml § 15 omfattar eksteriør og interiør i hovudbygning og tilbygg, samt gardsrom med passasje ut til Klostergaten. Fredinga følgjer eigedomsgrensa til Stranges Stiftelse gnr/bnr 165/272, unnteke eit areal på om lag 1 x 0,5 meter som ligg på Bergen kommune sin grunn gnr/bnr 165/1129. Bergen kommune sin høyringsuttale vedteke i bystyret i Bergen 22. september 2021 slutta opp om denne utvidinga.

Vestland fylkeskommune fekk inn tre merknadar til forslag om freding. Frå Fortidsminneforeninga i Hordaland og frå Fortidsminneforeninga sentralt, og frå hovudutval for kultur, idrett og integrering som hadde handsama høyringa av forslag om freding i sak PS 28/2021 der det vart gjort fyljande vedtak:

«Vestland fylkeskommune sluttar seg til fredingsforslaget for Stranges Stiftelse».

Bystyret i Bergen handsama framlegg om freding i møte den 22. september 2021, sak 2021/25134-5 der dei gjorde fyljande vedtak:

«Bergen kommune avgir høringsuttalelse til Forslag til fredning av Stranges stiftelse i Bergen kommune slik den fremkommer av byrådetts forslag.»

Vestland fylkeskommune har gått igjennom dei innkomne merknadane og vedtaket i Bergen bystyre, og utarbeida eit endeleg forslag om fredning av Stranges Stiftelse, sjå vedlegg. Vedlagt ligg fylkeskommunen sitt endelege forslag om fredning, dokumentasjon av eigedomen, samt dei innkomne merknadane til forslag om fredning, saksutgreiing og vedtak i PS 93/2020 og Bergen bystyre sitt vedtak i sak 2021/25134-5.

#### Vedtakskompetanse

Fredingssaka vert gjennomført i medhald av kml § 22 som gjev reglar for sakshandsaming. Det er Riksantikvaren som har vedtaksmynde for fredning etter kml §§ 15 og 19, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven (ansvarsforskriften) av 15. februar 2019. I denne saka er det fylkeskommunen som førebur forslag til fredning og Riksantikvaren som gjer endeleg vedtak om fredning.

I Vestland fylkeskommune sitt «Reglement for folkevalde organ og delegering» har Hovudutval for kultur, idrett og integrering delegert mynde til å gjere uttale i saker om endeleg fredning jf. kml § 22. Fylkesdirektøren legg difor det endelege forslaget om fredning av Stranges Stiftelse fram for hovudutvalet i denne saka.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det har vore løyvd tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til tilbakeføringa av bygningen. Dette arbeidet er no ferdigstilt og per i dag er huset og stien i god teknisk stand.

**Klima:** Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg og såleis redusere klimaavtrykket knytt til bygningsmassen vi omgjev oss med. Bevaring av kulturhistorisk verdifulle bygningar er såleis eit godt og langsiktig tiltak for å ta vare på klimaet.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Fredning av nasjonale kulturmiljøverdiar bidreg til måloppnåing relatert til følgjande mål:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Avdelingsdirektøren har vurdert Stranges Stiftelse til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og at det kvalifiserer til å kunne fredast i medhald av Lov om kulturminne § 15. I forslag til vedtak om fredning vert dei kulturhistoriske verdiane i anlegget oppsummert på fylgjande måte:

Stranges Stiftelse er kulturhistorisk og arkitektonisk verdifull som eit særst godt bevart døme på ein tidleg sosial institusjon. Stiftinga er ein karakteristisk representant for fattighusa for «verdige trengjande», eit viktig ledd i sosialomsorgen i byane i tidleg moderne tid. Samtidig er Stranges Stiftelse, som ein institusjon for kvinner frå dei lågare sosiale laga i byen, nært knytt til ei samfunnsgruppe som har etterlate seg få markante kulturminne. Den kulturhistoriske verdien vert forsterka av stiftinga si særst lange, kontinuerlege historie, både i den noverande bygningen og i forløparane på same staden. Dette gjer Stranges Stiftelse til eit monument over meir enn 350 års sosialhistorie.

For meir utfyllande vurdering av eigedomen sine kulturhistoriske verdiar viser avdelingsdirektøren til forslag om fredning og til dokumentasjonsvedlegget.

#### Konklusjon

Avdelingsdirektøren viser til drøftingane over og rår til at det vert gjort vedtak i tråd med innstilling.

